



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 08.06.2015

Vår ref.: 2014/19373-17

Saksbehandlar: heihand

Dykkar ref.: «REF»

Vedrørande førespurnad om motsegn til områdeplan Skaganeset, Sund kommune

Vi viser til e-postar 21.05.15, 26.05.15, 02.06.15 og 03.06.15 frå Sigurd Kleppe og Sverre Sangolt med spørsmål og merknader vedrørande Hordaland fylkeskommune sine kulturminnereflekte vurderingar av områdeplan for Skaganeset industriområde og vegtilkomst, herunder trekking av motsegn til planen. Vi takkar òg for informasjon og foto.

Planarbeid

Bakgrunn

Då reguleringsplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn med to alternativ for vegtilkomst, fremja Hordaland fylkeskommune motsegn til ny vegtrasé. Fylkeskommunen vurderte planframlegget slik at utbetring av eksisterande veg ville gi minst innverknad på kulturmiljøet i Kvalvågen, og vi fremja motsegn til nytt traséalternativ. I løpet av høyringsprosessen vart det klart at Sund kommune ikkje ville trekkje dette alternativet, då ein, mellom anna på grunnlag av innspeil frå Statens vegvesen, meiner at utbetring av eksisterande veg ikkje vil kunne gi ei tilstrekkeleg trygg trafikkavvikling. I ein planprosess skal kulturminnevernet sikre at dei kulturminnereflekte sidene i ei sak er godt nok ivaretakne, og i denne planen er Kvalvågen eit svært viktig kulturmiljø. Omsyn til trygg trafikkavvikling for alle trafikantar er likevel eit viktig moment som vi vanskeleg kan sjå heilt bort i frå når det skal gjera ei heilskapleg vurdering i saka.

Reguleringsplan for Skaganeset hamne- og industriområde har vore i prosess over eit langt tidsrom, som de er kjent med. På bakgrunn av dette, og på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering av saka slik den førelåg ved høyring av plan i 2014, har fylkeskonservator valgt å gå i dialog med Sund kommune for å freista å komme til ei løysing som kan føre fram til ein vedteken områdeplan for Skaganeset hamne- og industriområde, inkludert vegtilkomst. Fylkeskonservator har hatt utstrekkt dialog med Sund kommune i saka, vi har mellom anna hatt fleire møte, samt ei synfaring kor vi har gått gjennom heile den nye vegtrasén.

Ny vegtrasé

Vi har vurdert trasèen langs den utsprengte skjeringa det er vist til i vedlagt kart. Ny trasé der vil i hovudsak plasserast i areal som allereie er påverka av utsprenging. Skjeringa dannar ikkje ei rett line i terrenget som vi har kunna forhalde oss til, det var såleis heilt naudsynt for oss å synfare m.a. dette arealet. Vi har etter synfaring vurdert det slik at plasseringa av vegtraséen er innanfor det som kan aksepteras. Nordvest for industriarealet er det regulert inn ein vegetasjonsskjerm som skal dempe den visuelle verknaden av vegen.


Sørlege del av ny vegtrasé tangerer omsynsarealet for Kvalvågen i ei strekning på om lag 300 m vest for Storhaugen. Det er òg i denne delen regulert inn ein vegetasjonsskjerm for å dempe visuell verknad av ny veg.

Sund kommune har lagt fram terrengrøper av heile trasèen slik at vi har kunna danna oss eit inntrykk av vegen sin innverknad på det omliggande terrenget, kommunen har òg utarbeidd terrengsnitt som viser visuell verknad av nye bygg i industriområdet. Vi opplever at kommunen har lagt ned mykje arbeid i å dokumentere verknader av nye tiltak i området, og har imøtekommne våre innspel til ein slik grad at fylkeskommunen har funne grunn til å trekke motsegn til planen. Motsega er formelt trekt i brev 03.06.15.

Framtidig utbyggingspress på nytt areal

Det er spelt inn til fylkeskommunen i e-post datert 21.05.15 at ny vegtilkomst kan gi byggepress på nytt areal ved Kvalvågen. Områdeplanen opnar ikkje for nye arealføremål utover veg i nytt areal. I kommuneplanen sin arealdel er det lagt inn eit forholdsvis stort areal rundt Kvalvågen som omsynssone c for vern av kulturmiljø, delane av omsynssona som overlappar med areal i områdeplanen er òg vidareført der. Det er sikra i områdeplanen sine føresegner at eventuelle tiltak i omsynssona skal leggjast fram for kulturminnemynde. Eventuelle framtidige planar og tiltak nær Kvalvågen er ei problemstilling fylkeskommunen vil vere merksam på.

Kvalvågen er vidare registrert som kulturminnelokalitet i Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase Askeladden (Askeladden-id 212567) med same avgrensing som omsynssone for vern av kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Fangstlokaliteten, som dekker heile vågen, har per i dag ikkje freda vernestatus, men det ligg ei rekke automatisk freda lokalitetar innanfor fangstlokaliteten på land.



Kart frå askeladden.ra.no, sjå www.kulturminnesok.no (Askeladden sin publikumsversjon)

Høyringsfrist

Når det gjeld frist for å gi merknad i høyringsprosessen, er det kommunen som planmynde som kan svare på kva vurderingar dei har gjort i høve til utsette fristar. For fylkeskommunen sitt vedkomande, er det vanleg at vi må be om, og får, utsett frist i plansaker når vi vurderer å fremje motsegn, dette fordi motsegn skal handsamast politisk i Hordaland fylkeskommune. På grunn av interne godkjenningsrutinar og fristar for innlevering av saker til politiske møte, er det ofte ikkje muleg for oss å rekke politisk handsaming innan ein høyringsfrist på 6 veker.

Kulturminne og kulturmiljø i Kvalvågen

Formidling

Fylkeskonservator vil gjerne understreke at lokalt engasjement for kulturminne er velkomme. Kvalvågen er ein av kulturminnelokalitetane i Sund kommune på BARK-lista, knytt til Riksantikvaren sitt program for bevaring av arkeologiske kulturminne. Som eit ledd i oppfølgjing av dette programmet, er Kvalvågen eit kulturmiljø Hordaland fylkeskommune vil prioritere for framtidig tilrettelegging og formidling i samarbeid med Sund kommune. Vi har per i dag god oversikt over kjende automatisk freda kulturminne i området, men ein samla oversikt over nyare tids kulturminne knytt til kvalfangsten manglar. I samband med skjøtselsplan og planlegging av egna tilrettelegging vil systematisk registrering av kulturminne knytt til kvalfangsten, samt innsamling av dokumentasjon om fangstaktiviteten, vere naudsynt. Lokale innspel vil vere av stor verdi i dette arbeidet.

Kvalvika

I Kvalvika er det registrert ein automatisk freda lokalitet knytt til kvalfangsten (Askeladden-id 55303). Vi vil i samband med skjøtselsplan og tilrettelegging av Kvalvågen vurdere om tiltak er naudsynt i høve denne, og andre lokalitetar ved Kvalvågen.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har hatt god dialog med Sund kommune i løpet av heile planprosessen for områdeplanen/planane, opprinneleg vart det varsle oppstart for tre planar som ved høyring vart samla til ein plan, som de heilt sikkert og kjenner til. Fylkeskommunen har gjeve ei rekke innspel til planane underveis i prosessen. Planarbeidet på Skaganeset illustrerer særstak tydeleg at det er utfordrande å ivareta svært forskjellige interesser som omsyn til kulturmiljø, industri, busetnad og vegtilkomst i eit areal med relativt begrensa utstrekning. Vi vurderer det slik at med dei føresetnader som ligg til grunn i denne saka, er ny vegtilkomst ei akseptabel løysing slik den no føreligg.

Vi vonar at dette er oppklarande i høve våre vurderingar av områdeplanen på Skaganeset når det gjeld omsyn til kulturminne og kulturmiljø ved Kvalvågen. Når det gjeld andre problemstillingar i planen, ber vi om at ein vender seg til Sund kommune.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.